



# ÅRSMELDING

AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL 2014

Styret si årsmelding	<b>3</b>
Årsrapport	<b>6</b>
Barneteatret Vårt	<b>14</b>
Resultatrekneskap	<b>18</b>
Balanse	<b>20</b>
Notar	<b>24</b>
Revisors beretning	<b>32</b>
Statistikk	<b>33</b>
Nøkkeltal	<b>34</b>
Økonomisk resultat	<b>35</b>
Repertoar	<b>38</b>
Personale	<b>40</b>
Styret	<b>43</b>
Representasjon	<b>43</b>

Framsidedeilete:  
Utgjevar:  
Ansvarleg utgjevar:  
Redaksjon:  
Utføring:

Valgørg Frøyne i «Hamlet». Foto Arild Møen  
Teatret Vårt, AS Regionteatret i Møre og Romsdal  
Thomas Bjørnager  
Thomas Bjørnager, Knut Lidvard Høgset,  
Eva Ekløf Mørkeset og Rolf-Inge Pedersen Hjelseth  
Rolf-Inge Pedersen Hjelseth

# STYRET SI ÅRSMELDING

## Selskapet

AS Regionteatret i Møre og Romsdal har som formål å drive teaterverksemd i Møre og Romsdal fylke. Selskapet sitt forretningskontor er i Molde kommune.

## Arbeidsmiljø og organisasjon

Arbeidsmiljøet i 2014 har vore godt. Det totale sjukefråværet i år 2014 har vore 3,25%. Det er rapportert om tre mindre personskadar. Teatret si verksemd ureinar ikkje det ytre miljø.

## Likestilling

Teatret har eit styre med sju styremedlemmer, der styreleiar er kvinne. Kvinnedelen av instruktørar, scenografar, kostymedesignarar m.m. varierar mykje frå år til år. Ein må difor sjå tala over fleire år. Kvinneandelen er nær 50% for teknisk og administrative avdelingar.

## Møter

Styret hadde i 2014 7 styremøte og handsama 32 saker.

## Økonomien i selskapet


Årsrekneskapen er gjort opp med eit underskott på kr 462 101.

Sum eigenkapital er på kr 5 416 750. Av dette er kr 600 000 innbetalt aksjekapital. Styret er godt nøgd med den samla økonomiske situasjonen og dei kunstnarlege resultatata i 2014 for Teatret Vårt, og ynskjer å takke teatersjef og alle medarbeidarane for innsatsen.

Årsrekneskapen for 2014 er satt opp under føresetnad om framleis drift.

Molde 22. april 2015

  
Bodil Holmingsæter  
styreleiar

  
Kjersti Løge  
styremedlem

  
Janne Kvamme  
styremedlem

  
Per Kåre Trengeråid  
nestleiar

  
Bjørnar Lisether Teigen  
styremedlem

  
Leon Aurdal  
styremedlem

  
Knut Anders Oskarson  
styremedlem



## HAMLET

med utdrag av Heiner Müllers HAMLETMASKINEN

av William Shakespeare

Regi **Uwe Cramer**

Scenografi/kostymer **Thomas**

**Bjørnager**

Lysdesign **Jonas P A Fuglseth**

Med **Valborg Frøysnes, Bjørnar Teigen, Vibeke Havre Flesland, Hilde Marie Farstad, Eldar Skar, Lars Melsæter Rydjord, Daniel Karlsson og Hika Fekede Dugussa**

Norgespremière 25. januar 2014  
på Teatret Vårt, Molde.

Forestillinger:  
Publikum:



## TEATERSJEFENS OPPSUMMERING

Teatret Vårt er særns nøgd med 2014. Det andre året i full drift i kulturbygget Plassen viste at rutinar rundt produksjonar er veletablerte, og langsiktige strategiar viser resultat. Vi meiner vi kan vise til ansvarleg drift innanfor dei økonomiske rammene våre, samstundes som vi har auka kulturtilbodet til innbyggjarane i Møre og Romsdal i høve til tidlegare år.

Vi flytta inn i kulturbygget Plassen i juni 2012 og hadde dette året eit overskott på 1,3 millionar kroner. I 2013 fekk vi eit overskott på 0,6 millionar kroner og tala for 2014 viser eit underskott på 0,5 millionar kroner. Eigenkapitalen per 31.12.2014 er på 5,4 millionar kroner. Teatret Vårt har med andre ord ein sunn eigenkapital og god likviditet. Dette gjev tryggleik i høve til vidare drift.

I 2014 har ein arbeidd målretta for å skape tydlegare sponsoravtalar og nye samarbeid med næringslivet og tilsett ny marknadsleiar. Vi ser tydelege resultat av dette arbeidet og gler oss over den støtta næringslivet i regionen har vist oss.

I 2014 hadde vi 9 eigenproduserte framsyningar, av desse var 3 urpremierar og 1 no-regspremiere. Det vart gjennomført 470 framsyningar, og vi auka talet på framsyningar på turne frå 58 (108 inkl DKS) i 2013 til 99 (188 inkl DKS) i 2014. Publikumstalet auka med 25 %, eit resultat vi er utruleg godt nøgde med. Vi ser det som eit uttrykk for at mange forskjellige publikumsutviklingsstra-

tegiar ber frukter.

To tredjedelar av auka er knytt til barneteatret sine framsyningar. Vi ser effekten av å ha både gode tilbod til den kulturelle skulesekken og samstundes ha framsyningar som kan klare seg i ope sal. Dette var tilfellet med "Hvem bestemmer" og "Balladen om et paddetryne" som turnerte i Den kulturelle skulesekken samstundes som "Bukkene Bruse på badeland" selde mykje på dei store kulturhusa i fylket. Dette stadfestar vår tru på at det framleis finns eit stort uutnytta publikumspotensial for Barneteatret Vårt. Vaksenpublikum står for den siste tredjedelen av auka.

På bakgrunn av desse elementa held vi fram det målretta arbeidet mot tre utvalde hovudsegment:

**Born og ungdom:** Barneteatret Vårt har vore ein stor suksess når det gjeld å synleggjere at regionteatret i Møre og Romsdal er det viktigaste regionale kompetansesenter for produksjon og formidling av barne- og ungdomsteatret. Barneteatret Vårt teiknar seg for to av fire urpremierar og presenterer moderne nyskrive dramatikkk for born og unge. Men Barneteatret Vårt sitt finansieringsnivå er ikkje tilstrekkeleg for få skape varig kontakt til alle alderssegment. Med berre to produksjonar i året går det for lang tid mellom tilboda til alle aldersgruppene innan kategorien.

**Heimflyttarane:** Her ser vi at arbeidet med å etablere Teatret Vårt som sosial møteplass

gjev resultat. Målretta publikumsarbeid gjev resultat, og vi ser at snittalderen for publikum går ned og det er ikkje berre framsyningane som trekkjer folk. Mange arrangement rundt framsyningane, t.d. debattar, kunstnarmøte og quizkveldar er populære og trekkjer publikum til teatret. I 2014 gav vi ut to nummer av teatermagasinet som vart sendt til alle husstandar i Molde kommune. Vi arbeider strategis vidare med ideen bak denne typen formidling, som skal vise unge vaksne relevansen av dei teateropplevingane vi kan tilby.

**Eldre:** Vi har framleis ei av dei største veneforeningane i landet kor vi finn eit viktig og lojalt kjernepublikum. Eigarskapet til teatret er stort og ambassadørjobben gruppa gjer for teatret har stor betydning. Med bevisste repertoarval og ei rekkje årlege tradisjonar, som haustvest og teaterfest på våren, freistar vi å oppretthalde det gode forholdet til denne viktige store publikumsgruppa.

**Teatrets Venner** var også i 2014 ein særskild aktiv gjeng. Medlemsbladet **Innkikk** vart sendt ut tre gonger, og dei presenterte sitt nye stipend. To gonger i året deler veneforeninga ut 50 000 kroner på bakgrunn av innkomne søknadar frå tilsette på teatret. Dei kan søkje midlar til prosjekt dei vil realisere, eller til personleg kompetanseheving. I tillegg til denne flotte gåva gav også veneforeninga 25 000 kroner til teaterbillettar til ungdom til framsyningane **Meldinger ut i rommet**.

For å forbetre turnesalet er vi i løpande kontakt med arrangørar og kulturhussjefar over heile fylket, og det vart gjennomført to arrangement dagar med presentasjon av turnetilbodet

og fagleg påfyll utanfrå. Vi opplever stor forbetring i dialogen mellom oss og arrangørane, og trur dette er vegen vidare framover. Det er ein stor skilnad på dei ulike spelestadane og på kulturhusa sine ønskje og behov. Det vil aldri vere mogleg å legge til rette for det enkelte, men i marknadsføringsarbeidet har vi vorte flinke til å møte individuelle behov hjå arrangørane.

Kunstnarleg sett kan vi vere stolte over 2014. Vi har opprettheldt det store flotte kulturtilbodet. Nokon av dei viktigaste regissørane har gjort viktig arbeid hjå oss det siste året. Ny dramatik, nye oversettingar og eit moderne blick på grunnlovsjubileet, og i tillegg er målsetjinga om å nå 40 000 publikumarar innfridd.

I vårt andre år i kulturbygget **PLASSEN** opplever Teatret Vårt at huset har vorte levande og ein sterk heimebane som vi ønskja. Vi arbeider vidare med å forbetre turnesalet vårt og med å synleggjere Barneteatret Vårt på Sunnmøre, kor det store vektspotensialet ligg.

Den første premieren i 2014 var **Hamlet** (25. januar). Dette var ein stor produksjon med stort ensemble. Uwe Cramer hadde regi, og teatersjefen gjorde dekorasjon og kostymer. Valborg Frøysnes spela prins Hamlet med glød og konstant veksling mellom sinne og avmakt over å vere medvitande og medverkande til verdas korrupsjon. Hilde Marie Farstad si tolking av kompromisslause Ophelia imponerte, men heile ensemblet kasta seg fryktlaust ut i ein av dei største oppsetningane til teatret. Dette resulterte i sterke



Veien til Mekka av Athol Fugard

FOTO: ARILD MOEN

prestasjoner av Bjørnar Lisether Teigen, Eldar Skar, Daniel Karlson, Hika Fekde Dugussa, Vibeke Flesland Havre og Lars Melsæter Rydgjord. Sjøv om framsyninga ikkje vann hjarta til kritikarane, vart det eit sterkt og viktig kunstnarleg signal for Teatret Vårt. Verkstadane gjorde også ein framifrå jobb med produksjon av ein stor dekorasjon med omfattande bruk av videoteknologi, det var ei oppvisning i dei mange typane kompetanse på huset og nye moglegheiter i verkstadane.

I løpet av våren vart det sett opp to framsyningar som tidlegare har vore sett opp. **Bal-laden om paddetryne** vart først spela som turné i Kultursekken, før den heldte fram ut-over hausten og vart ei av dei mest sette i 2014. Jonas Delerud imponerte som den viktigaste mannen på scena i eit mangfald av ulike roller i denne gripande og viktige for-

teljinga om mobbing.

**Tideverv** vart også sett opp igjen. Lars Melsæter Rydgjord som saman med Vivi Sunde reiste ut til eldresenter i fylket, og tilbakemeldingane var eintydig positive. Moglegheita til å hugse tilbake tok publikum til seg, og den lette og fine strukturen i framsyninga talar sterkt til alle hjarte.

**Veien til Mekka** hadde premiere 7. mars, kor Jon Tombre hadde regi og på scena stod Kirsten Hofseth, Helle Haugsgjerd og Karl Bomann-Larsen. Den sterke forteljinga om den kvinnelege kunstnaren Helen som står ved slutten av livet, var ei opplagt rolle for Kirsten Hofseth som kom tilbake til Teatret Vårt for å avslutte si skodespelarkarriere. Framsyninga var et samarbeid med Den Nationale Scene som bidrog med skodespelaren Karl Bomann-Larsen.

Teatret Vårt hadde fem framsyningar på Kjeller-scenen i Bergen frå 25.-29. mars.

I Møre og Romsdal tok vi kontakt med kommunar og arrangørar vi som regel ikkje turnerer fast til og spela framsyninga på samfunnshus og andre mindre spelestadar. På ein måte tok vi opp igjen turnérutene fra 70-tallet da Kirsten sammen med eit nystarta Teatret Vårt turnerte i fylket med stor suksess. Vi vil halde fram samarbeidet med arrangørane på mindre spelestadar og har en strategisk handlingsplan om å tilby to framsyningar årleg til dei små arrangørane i fylket.

Rundt premieren til **Veien til Mekka** gjennomførte Teatret Vårt i samarbeid med Teatrets Venner den årlege teaterfesten for femte år på rad. Først ute var Rimfrost Teaterensemble med framsyninga **Morten 11 år**, og seinare på dagen var det Henrik Mestad si glitrande Ola B. Hauge framsyning **Den andre mannen i meg**. Dagen etter var det generalprøve på **Veien til Mekka** og presenterte framsyninga **Blomster og blod** med Lise Fjeldstad og Håvard Gimse. Seint på kvelden 6. mars spela Kim Fairchild **All of me**, om livet til Billie Holliday, eit arrangement i samarbeid med Storyville Jazzclub.

Teaterfesta heldt fram 7. mars med premiefest for **Veien til Mekka**, og på kvinnedagen 8. mars kunne vi presentere framsyninga **Speilets tale** i samarbeid med Bjørnsonfestivalen, Molde Soroptimistklubb, Molde sanitetsforening og Operaen i Kristiansund. På kvelden viste vi Astrid Overaa si framsyning **Donna Inger**, og Elsa Lystad gjesta oss med **Mitt liv som Elsa**. Søndag 9. mars spela Elsa Lystad nok ei framsyning, og Riksteatret

gjesta oss med figurteaterframsyninga **Wakka wakka**. 8 gjestespel i tillegg til vår eigen premiere, i alt 11 forestillinger på 5 dager og med fulle hus. Teaterfesten har vist seg å bli ein viktig arena for oss. Vi skaper mykje liv og sosiale møtestadar samstundes som vi lukkast med å presentere ei breid vifte av scenekunstuttrykk.

22. mars 2014 kunne vi invitere til urpremiere på vårens framsyning på Barneteatret Vårt. **Hvem bestemmer?** var teatret sitt bidrag til grunnlovsjubileet og eit forsøk på å setje fokus på barna si eiga forståing av demokrati. Gjennom eit omfattende forarbeid hadde regissør Toril Solvang i samarbeid med Eva Mørkeset jobba tett saman med to 6. klasser på Larsgården skole i Ålesund for å samle inn materiale til framsyninga. Resultatet vart ei framsyning som tok barna si verkelegheit på alvor. Det vart ei moderne og mangefasettert framsyning av verkelegheita til 12-åringar i Norge i dag . Framsyninga var på turné med Den kulturelle Skolesekken og hadde i tillegg eit workshop-opplegg kor skodespelarane arbeidde saman med skuleelever under overskrifta "Hvem bestemmer, hva er demokrati?"

Ikkje lenge etter var vi klar med den andre hovedproduksjon på våren. Peer Perez Øyan hadde regien på Ibsens **Lille Eyolf** og jobba tett saman med scenografen Olav Myrvtvedt om å skape sterke bilder på krisene i ekteskapet til Alfred og Rita Almers. Valborg Frøysnes og Bjørnar Lisether Teigen glittra i likeverdige samspel og vart backa opp av Daniel Karlsson og Kamilla Grønli Hartvig i dette tette kammerspelet. Britt Elise Skram spelte folke-

musikk live på fele, og framsyninga fikk ein helt spesiell dimensjon ved at rolla som Lille Eyolf vart spela av Bjørnars sin son Erik. Erik tilførte ei sår kjensle og eit nærvær i forestillingen som gjorde Ibsen sin overraskande moderne tekst enda meir bevegande. Premieren var 28. mars, og forestillingen spilte i Molde så vel som på turne.

Siste premiere på våren 2014 var klassikaren **Deilige dager** av Samuel Beckett. For Vivi Sunde som spelte den sentrale figuren Winnie, var dette et gjensyn med ein tekst ho spela første gong på Teatret Vårt i 1985. Denne gongen var det ei skodespelarinne på høgda, både erfaringsmessig og kunstnarleg, som saman med regissøren Terje Strømdahl traff spikaren på hovudet i si framstilling av mennesket si overlevelseskraft og evne til å tilpasse seg. Lars Melsæter Rydjord la på seg 50 år og spela overbevisande den nesten stumme mannen til Winnie. Premieren var 10. april og framsyninga turnerte i fylket.

I mai vart arrangementet **Opplev Molde** gjennomført. Som i 2013 arbeidde vi saman med Røde Kors, Molde voksenopplærings-senter, Molde bibliotek og Romsdalsmuseet om å lage ein familiedag for tilflyttarar. Ein introduksjon til dei viktigaste kulturinstitusjonane i Molde og ei skattejakt med låg terskel for deltaking og premie til nesten alle, var nesten like populært som året før. Vi knytta kontakt med både norske tilflyttarar og familiar med anna etnisk bakgrunn.

Vi feira nasjonaldagen 17. mai med arrangementet **Mellom togene**, kor ensemblet på teatret underhaldt med utvalde tekster og

songar sammensett av teatersjefen i samarbeid med ensemblet.

Ikkje lenge etter sommarferien hadde vi tradisjonen tru premiere under Bjørnsonfestivalen. Det var Norgespremierer på Wolfram Lotz sitt skeive og underfundige stykke **Meldinger ut i rommet**. Valborg Frøysnes, Bjørnar Lisether Teigen, Lars Melsæter Rydjord jobba saman med gjesteskodespelarane Espen Alknes og Olav Waastad. Jonas Corell hadde regien og Nia Damerell kostymer og scenografi. Det vart ei perle av en framsyning som på en alvorlig, morosam og melankolsk måte filosoferte over dei store spørsmåla i livet. Eit av dei kunstnarlege høgdepunkta i året. Vi inviterte den tyske dramatikaren til Molde og gjennomførte publikumsarrangement med han og teatersjefen. Det er morosamt for oss at Wolfram Lotz sidan har vorte ein av dei nye store stjerneskota i tysk teater.

Barneteatret Vårt følgde raskt etter med urpremiere på haustens produksjon 13. september. Det var ei dramatisering av **Bukkene Bruse på badeland** etter Bjørn F. Rørvig si bestselgande barnebok med same namn. For Barneteatret Vårt var dette ein stor produksjon med heile fem skodespelarar på scena. Ferran Audí hadde regien og Märtha Fallenius scenografi. På scena sjarmerte Ina Breivik, Ørjan Liavåg, Ellen Andreassen, Kristine Myhre Tunheim og Wilhelm Støylen barnlege hjarte i alle aldrar over heile fylket. Framsyninga vart den meste sette i 2014 og fulle hus både i Ålesund og Molde vart følgd opp med stappfulle kulturhus over heile fylket. Det vart ei rocka og tempoprega framsyning i stil med fjorårets «Samson og Roberto», og



Hvem bestemmer?  
av Toril Solvang og Eva Eklöf Mørkeset

FOTO: ARILD MOEN

Ørjan Liavaag komponerte ny musikk til forestillingen.

Mot slutten på året var det som vanleg duka for ei stor folkeleg komedie. Vi hadde premiere på **Jean de France** av Ludvig Holberg i det nye konserthuset i Fosnavåg. Gitte Siems iscenesettelse av den i Noreg nesten ukjende Holberg teksten, sette fokus på globaliseringsutfordringane. Nina Flagstad hadde kostymedesign, og ensemblet besto av Vivi Sunde, Viggo Solum, Bjørnar Lisether Teigen, Nasrin Khusrawi, Jon Arne Arnseth og Kristoffer Veierstad. I den altdominerende hovudrolla som Hans Frandsen, som endrar namn til Jean de France og sett formua over styr for ein fatal fasinasjon av alt som er fransk, briljerte Lars Melsæter Rydjord. Ei viktig modning for en ung og utroleg talentfull skodespelar. Vel heime frå turne til dei store

kulturhusa i fylket gjekk **Jean de France** tre veker i Molde med julebord i Kafé Kurt.

November og desember var dei travlaste månadane i 2014. Her kulminerte også halvanna år med førebuingar då vi endeleg kunne ha premiere på **Snekker Andersen og Julenissen**. Fjorårets pilotprosjekt skulle no foldast ut som ei julegåve av ei framsyning. Teatersjefen hadde bearbeid Alf Prøysen si kjente juleforteljing og skapt både manus, scenografi og kostymer. Animatøren Andreas Paleologos laga animerte bakgrunnar til heile framsyninga, og Steinar Raknes skreiv nye songer til framsyninga og var med å spele live i flesteparten av framsyningane. Eit stort samarbeid med Molde Kulturskole utover hausten resulterte i at 60 born fordelt på tre lag song, spela og dansa i framsyninga. Og publikum likte det. Ein privat person fra



Deilige dager av Samuel Beckett

FOTO: ARILD MOEN

Molde gav oss 25 000 kroner så vi kunne invitere fosterbarn og pårørende i Molde på framsyning, noko som bevega alle på teatret og bekrefta kor viktig det er å skape opplevingar for familiar. Alle 20 framsyningar var utseld.


**Snekker Andersen og Julenissen** var også eit samarbeid med Istad Aktiv. Det var for oss ein ny måte å jobbe saman med det lokale næringslivet på. Istad Aktiv gikk inn med 350 000 kr i utviklingsmidlar til fram-syninga fordelt på to år og stilte garanti for minimumskjøp av billetter til fordeling blant kundane deira. Vi er veldig nøgde med samarbeidet som held fram dei neste åra. Anmeldarar og publikum i alle aldrar var einige. «Snekker Andersen» blir ein årleg familietradisjon på Teatret Vårt.

Mot slutten av året lyste vi ut stillingane som snekkar og smed på verkstaden vår, då to tilsette skulle gå av med pensjon. I rekrutteringsprosessane har vi ikkje berre fått det vi hadde behov for, vi har heva kompetansen på verkstaden vår.

Alt i alt kan Teatret Vårt være utroleg stolte av resultatene i 2014. I tillegg til kjerneaktiviteten vår; å produsere kvalitetsteater for alle aldrar, har vi gjennomført ei rekkje publikumsutviklende aktiviteter med stor oppslutning frå publikum. Vi har nådd målet vårt om å nå 40000 publikumarar. Vi har gjennomført viktige rutinar for produksjonene våre og har profesjonalisert heile huset. Vi har vist at vi har evne til å nytte moglegheitene våre og at vi i felleskap får til resultat og god utnytting av ressursane våre. Eg vil gjerne nytte høvet til å takke dei tilsette og styret ved Teatret Vårt for denne felles bragd.

# TEATERMAGASIN

Våren 2014



Høsten 2014



## BARNETEATRET VÅRT 2014

Det har vært et travelt år - og spesielt høst - for Barneteatret Vårt. Fra september har vi hatt tre forestillinger ute på turné, samtidig som vi har produsert en ny forestilling i samme periode. Vi har spilt for til sammen 14 200 antall publikummere. I tillegg har vi også hatt to gjestespill på teateret, en prøveordning vi er godt fornøyd med og har tenkt og fortsette med i fremtiden.

Med en ungdomsforestilling; «Hvem bestemmer?», hvor tekst og form er utviklet på teateret i tett samarbeid med målgruppen og en familieforestilling også utviklet på teateret og basert på en av våre mest populære barnebøker i øyeblikket, mener vi at stykkevalget for 2014 er helt i tråd med målsettingen for Barneteatret Vårt, kan oppsummeres slik:

Vi ønsker å gi vårt publikum et variert tilbud av teateropplevelser av høy kunstnerisk kvalitet i alle ledd. Forestillinger som underholder, berører, vekker undring og latter, som inspirerer, samtidig som man lærer noe nytt om livet og seg selv.

Vi ønsker at vi skal være i stand til å lytte til hva barn og unge har å si, slik at våre forestillinger reflekterer deres fantasier, drømmer og håp og gjenspeiler den virkelighet og kultur som barn i dag lever i, enten vi arbeider med nyskrevne dramatikker eller nye tolkninger av klassikere.

Vi ønsker også at barn og voksne skal ha en fin opplevelse sammen når de går i teatret og tror at humor er et viktig virkemiddel til dette. Humor som skaper gjenkjennelse både hos barn og voksne, bidrar ikke bare til å gi publikum en glederik opplevelse, men kan også gjøre det lettere å behandle vanskelige emner og åpne for en fruktbar dialog mellom liten og stor.

Vi mener det er svært viktig å tilpasse våre produksjoner de ulike aldersgruppene vi skal lage teater for (0-15 år). Ettersom vi kun har ressurser til å produsere to forestillinger i året, kan det gå lang tid mellom hver gang hver enkelt aldersgruppe får en teateropplevelse spesielt rettet mot dem. Det er i øyeblikket en av våre største utfordringer med tilbudet vårt. Som merknad til dette siste punktet vil jeg nevne at forsøksordningen med regelmessige gjestespill kan bidra til å gi publikum et større og mer variert tilbud med hensyn til målgruppe og varierte innhold og uttrykk.

Eva Eklöf Mørkeset  
kunstnerisk leder ved  
Barneteatret Vårt



## BUKKENE BRUSE PÅ BADELAND

av Bjørn F. Rørvik

Dramatisering **Ferran Audi**  
og **Eva Ekløf Mørkeset**

Regi **Ferran Audi**  
Scenograf og kostymer **Märta Fallenius**  
Maske **Txus González**  
Musikk og sangtekster **Ørjan Liavåg**  
Lysdesign **Finn Landsperg**

Skuespillere **Ellen Andreassen, Ina Breivik, Ørjan Liavåg, Kristine Myhre Tunheim, Wilhelm Støylen**

Norgespremiere 13. september 2014 på  
Barneteatret Vårt, Arbeideren, Ålesund

Forestillinger:  
Publikum:





## LILLE EYOLF

av Henrik Ibsen

Regi **Peer Perez Øian**  
Scenografi/kostyme **Olav Myrvedt**  
Lysdesign **Finn Landsperg**

Med **Bjørnar Lisether Teigen, Valborg Frøysnes, Kamilla Grønli Hartvig, Daniel Karlsson, Erik Hagen Lisether Teigen**  
Musikalsk ansvarlig og spelemann **Britt Elise Skram**

Première 28. mars 2014 på Teatret Vårt, Molde.

Forestillinger:  
Publikum:

# RESULTATREKNESKAP

	NOTE	2014	2013
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>			
Billett- og programsal	3	2 214 972	2 107 589
Salg Kafé Kurt		3 314 188	3 569 575
Andre inntekter		2 975 455	2 914 414
Driftstilskott		43 475 445	41 068 569
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>51 980 059</b>	<b>49 660 147</b>
<b>DRIFTSKOSTNADER</b>			
Varekjøp Kafé Kurt		1 258 937	1 874 770
Kostnader arbeidskraft	4	28 611 375	25 576 525
Materialkostnader		1 001 663	1 616 204
Sal- og informasjonskostnader		1 705 062	1 423 519
Kostnader lokale		9 409 717	9 374 202
Utstyrskostnader		213 393	313 897
Avskrivningar på varige driftsmidler	5	681 010	599 825
Andre driftskostnader		9 687 575	8 388 873
<b>Sum driftskostnader</b>	2	<b>52 568 732</b>	<b>49 167 814</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-588 672</b>	<b>492 334</b>
<b>FINANSINNTEKT/-KOSTNAD</b>			
Anna renteinntekt		163 919	352
Anna finansinntekt		96 583	273 884
Anne rentekostnad		7 302	2 199
Anna finanskosnad		126 628	172 317
<b>Resultat av finansielle postar</b>		<b>126 572</b>	<b>99 720</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>-462 101</b>	<b>592 053</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>-462 101</b>	<b>592 053</b>
<b>Opplysningar om:</b>			
Avsett til anna eigenkapital		462 101	592 053
<b>Sum disponert</b>		<b>462 101</b>	<b>-592 053</b>



## LILLE EYOLF

av Henrik Ibsen

Regi **Peer Perez Øian**  
Scenografi/kostyme **Olav Myrtvedt**  
Lysdesign **Finn Landsperg**

Med **Bjørnar Lisether Teigen, Valborg Frøysnes, Kamilla Grønli Hartvig, Daniel Karlsson, Erik Hagen Lisether Teigen**  
Musikalsk ansvarlig og spelemann **Britt Elise Skram**

Première 28. mars 2014 på Teatret Vårt, Molde.

Forestillinger:  
Publikum:

# BALANSE

	NOTE	2014	2013
<b>EIENDELAR</b>			
<b>ANLEGGSMIDLAR</b>			
<b>Varige driftsmidler</b>			
Tomtar, bygningar og anna fast eigendom		756 489	630 167
Driftslausøyre, inventar o.a. utstyr		2 689 399	2 752 946
<b>Sum varige anleggsmidler</b>	5	<b>3 445 889</b>	<b>3 383 113</b>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Investeringar i tilknytt selskap	9	426 000	426 000
Lån til tilknytt selskap		2 658 587	2 095 067
Investeringar i aksjar og andelar	9	41 000	41 000
Andre langsiktige fordringar		625 396	519 502
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>3 750 983</b>	<b>3 081 569</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>7 196 872</b>	<b>6 464 682</b>
<b>OMLØPSMIDLAR</b>			
Varar		216 609	106 174
<b>Fordringar</b>			
Kundefordringar		1 474 295	2 093 094
Andre kortsiktige fordringar		520 296	396 560
<b>Sum fordringar</b>		<b>1 994 590</b>	<b>2 489 654</b>
Bankinnskott, kontantar o.l.	8	5 696 361	6 009 850
<b>Sum omløpsmidler</b>		<b>7 907 560</b>	<b>8 605 678</b>
<b>SUM EIGENDELAR</b>		<b>15 104 432</b>	<b>15 070 360</b>

# BALANSE

	NOTE	2014	2013
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>EIGENKAPITAL</b>			
<b>Innskott egenkapital</b>			
Aksjekapital		600 000	600 000
<b>Sum innskott eienkapital</b>	6,7	<b>600 000</b>	<b>600 000</b>
<b>Opptjent egenkapital</b>			
Anna egenkapital	6	4 816 750	5 278 851
<b>Sum opptjent egenkapital</b>		<b>4 816 750</b>	<b>5 278 851</b>
<b>Sum egenkapital</b>		<b>5 416 750</b>	<b>5 878 851</b>
<b>GJELD</b>			
Andre avsetningar for forpliktelser		494 661	320 126
<b>Sum avsetningar for forpliktelser</b>		<b>494 661</b>	<b>320 126</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		656 988	1 017 056
Skuldig offentlege avgiftar		2 182 469	1 901 061
Anna kortsiktig gjeld		6 353 564	5 953 265
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>9 193 021</b>	<b>8 871 383</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>9 687 682</b>	<b>9 191 509</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>15 104 432</b>	<b>15 070 360</b>



## MELDINGER UT I ROMMET

av **Wolfram Lotz**  
oversatt av **Grete Kleppen**

Regi **Jonas Corell**  
Scenografi og kostymer **Nia Damerell**  
Lysdesign **Jonas P A Fuglseth**

Med **Espen Alknes, Olav Waastad,  
Valborg Frøysnes, Bjørnar Lisether  
Teigen, Lars Melsæter Rydjord**

Première 27. august 2014 på Teatret  
Vårt, Molde, i anledning Bjørnsonfes-  
tivalen.

Forestillinger:  
Publikum:



GRUNDIG  
Kunsten i alle gater

# NOTAR

## NOTE 1 REGNSKAPSPRINSIPPER

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små føretak.

Desse rekneskapsprinsipp er brukt: Inntekter blir resultatførde etter kvar einskildt framsyn-  
ing.

Omlaupsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel/langsiktig gjeld.

Omlaupsmiddel er vurderte til lågaste innkjøpskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Anleggsmiddel er vurderte til innkjøpskostnad, men blir nedskrivne til verkeleg verdi dersom ein ikkje forventar at verdifallet er forbigåande.

Kundefordringar og andre fordringar er førde i balansen til pålydande. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei einskilde fordringane. Det er ikkje gjort avsetjing til eventuelle tap pr. 31.12.

Andre varige driftsmiddel blir balanseførde og avskrivne lineært til restverdi over gjenverande avskrivningstid.

Aksjar og andeler i datterselskap og tilknytta selskap er oppført til innkjøpskostnad, justert for eventuell varig nedgang i verdi.

Forsikra pensjonsforpliktingar er ikkje balanseført - kostnadene er lik premien. Leigeavtalar er ikkje balanseført.

## NOTE 2 TURNÉUTGIFTER

	2014	2013
Lønsrelaterte kostnader	1 905 658	1 549 648
Husleige, arr.honorar m.m	487 175	567 236
Transport og bilhald	509 097	451 692
Hotel	620 287	756 692
Annonsering på turné	505 292	396 487
<b>Sum turnéutgifter</b>	<b>4 027 509</b>	<b>3 721 755</b>

Turnéutgiftene er definert som utgifter direkte knytt til turnèverksemd. Ordinær løn i turnèperioden er tildømes ikkje medrekna, men kostnader til turnètillegg, diett m.m. som direkte kan knyttast til turnèverksemd.

### NOTE 3

#### BILLETTINNTEKTER 2014

Bukkene Bruse på badeland	748 355
Snekker Andersen og Julenissen	397 160
Gjestespill	383 583
Jean de France	204 831
Lille Eyolf	104 990
Tideverv	100 460
Veien til Mekka	90 775
Hamlet	63 673
Meldinger ut i rommet	49 655
Deilige dagar	47 760
Hvem bestemmer?	23 730 *
<b>Sum billettinntekter</b>	<b>2 214 972</b>

#### Inntekter /tilskudd for turné i Den kulturelle skolesekken

Balladen om et paddetryne	420 000
* Hvem bestemmer?	340 000

### NOTE 4

#### LØNSKOSTNADER

Lønskostnader består av følgende poster:

	2014	2013
Lønningar	21 213 097	19 511 091
Folketrygdavgift	3 361 702	3 061 456
Pensjonskostnader	2 393 387	2 023 698
Andre lønnskostnader	1 643 189	980 280
<b>Sum</b>	<b>28 611 375</b>	<b>25 576 525</b>

Gjennomsnittlig antall ansatte	45,5	41
-----------------------------------	------	----

Ytelser til ledende personer:

	Teatersjef	Styret
Lønn	801 135	227 800
Annen godtgjørelse	145 072	

Kostnadsført revisjonshonorar utgjør kr 28 500,- og gjelder pliktrevisjon. I tillegg kjem honorar for bistand årsrekneskap med kr 12 500,- og anna bistad kr 7 500,-. Tal er utan mva. Teatret Vårt har ordinær tariffesta tenestepensjonsordning og AFP gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse. Pensjonsforpliktelsen er ikke balanseført.

## NOTE 5 VARIGE DRIFTSMIDLER

	Bilar	Maskiner, inventar	Totalt
Anskaffelseskost 1.1.	1 509 711	6 259 582	7 769 293
Tilgang i løpet av året	0	743 785	743 785
Avgang i løpet av året			
Akkumulerte avskrivninger	869 578	4 197 612	5 067 190
Bokført verdi 31.12.	640 133	2 805 755	3 445 888
Årets avskrivninger	124 216	556 794	681 010
Avskr.tid	10 år	10 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	

## NOTE 6 EGENKAPITAL

	Aksje- kapital	Annan EK	Sum
Egenkapital pr. 01.01.	600 000	5 278 851	5 878 851
Årsresultat		-462 101	-462 101
Egenkapital pr. 31.12.	600 000	4 816 750	5 416 750

## **NOTE 7**

### **ANTALL AKSJER, AKSJEIEIERE M.V.**

Selskapets aksjekapital på kr 600 000,- består av 300 aksjer à pålydende kr 2 000,-. Alle aksjer har lik stemmerett.

Selskapets aksjonærer er:	Antall	Eigerandel
Møre og Romsdal fylke	132	44%
Molde kommune	132	44%
Ålesund kommune	24	8%
Noregs Ungdomslag, Møre og Romsdal	12	4%
Sum	300	100%

## **NOTE 8**

### **BUNDNE MIDLER**

Av selskapets bankinnskudd utgjør bundne skattetrekksmidler kr 944 186,-.

## **NOTE 9**

### **FINANSIELLE ANLEGGMIDLAR**

	2014	2013
Stiftelsen Bjørnsonfestivalen	30 000	30 000
Stiftelsen Ålesund Teaterfestival	3 000	3 000
Stiftelsen Schwittersdagene	5 000	5 000
Molde Sentrum AS	3 000	3 000
Molde kulturbygg AS	426 000	426 000
Eigenkapitalinnskudd KLP	456 587	401 752
Sum	923 587	868 752

Molde 22. april 2015

  
Bodil Hollingsæter  
styreleiar

  
Kjersti Løge  
styremedlem

  
Janne Kvamme  
styremedlem

  
Per Kåre Trengerød  
nestleiar

  
Bjørnar Lisether Teigen  
styremedlem

  
Leon Aurdal  
styremedlem

  
Knut Anders Oskarson  
styremedlem



## SNEKKER ANDERSEN OG JULENISSEN

av Alf Prøysen

Idé, bearbeidelse, regi og scenografi

**Thomas Bjørnager**

Musikk/komponist **Steinar Raknes**

Animator **Andreas Paleologos** Lys-

design **Jonas P A Fuglseth**

Med **Lars Sørbo, Gøril Haukebø,**

**Wilhelm Støylen** og dans- vokal- og

teatererelever ved Molde Kulturskole

Première 1. desember 2014 på Teatret  
Vårt, Molde.

Forestillinger:

Publikum:





## JEAN DE FRANCE

av Ludvig Holberg  
oversatt av Grete Kleppen  
Bearbejdet av Gitte Siem og Grete  
Kleppen

Regi **Gitte Siem**  
Scenografi **Thomas Bjørnager**  
Kostymer **Nina Flagstad**  
Lysdesign **Finn Landsperg**  
Maske **Cårejånni Enderud**

Med **Lars Melsæter Rydjord,**  
**Bjørnar Lisether Teigen,**  
**Viggo Solum, Vivi Sunde,**  
**Kristoffer Veiersted, Nasrin**  
**Khusrawi, Jon Arne Arnseth**

Première 12. november 2014 på  
Fosnavåg konserthus, Herøy.

Forestillinger:  
Publikum:

# REVISJONSMELDING



Tel: +47 71 20 62 00  
Fax: +47 71 20 62 01  
www.bdo.no  
Org.nr. 993 606 650 MVA

Beselsadresse:  
Nettomhed  
Servicebois 15  
6405 Molde

Til generalforsamlingen i

AS Regionteatret i Møre og Romsdal

## REVISORS BERETNING FOR 2014

### Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for AS Regionteatret i Møre og Romsdal som viser et underskudd på kr 462 101,-. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2014, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet denne datoen, og en beskrivelse av vesentlig anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

### Styrets ansvar for årsregnskapet

Styret er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av mistligheter eller feil.

### Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingene av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettviseende bilde. Formålet er å utføre revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatenes utarbeidelse ved ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

### Konklusjon

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av den finansielle stillingen til AS Regionteatret i Møre og Romsdal per 31. desember 2014 og av resultater for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapskikk i Norge.

BDO AS, et norsk aksjeselskap, er datter i BDO International Limited, et engelsk selskap med begrenset ansvar, og er en del av det internasjonale BDO-nettverket, som består av uavhengige selskaper i de enkelte land.



Side 2 av 2

### Uttalelse om øvrige forhold

#### Konklusjon om årsberetningen for AS Regionteatret i Møre og Romsdal

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

#### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Molde 22. april 2015  
BDO AS  
(Org.nr. 993 606 650)

Jarle Meltingen  
Statsautorisert revisor

BDO AS, et norsk aksjeselskap, er datter i BDO International Limited, et engelsk selskap med begrenset ansvar, og er en del av det internasjonale BDO-nettverket, som består av uavhengige selskaper i de enkelte land. Org.nr. 993 606 650 MVA

# STATISTIKK 2014

<b>Eigenproduksjonar</b>	<b>Framsyingar</b>	<b>Publikum</b>
Hamlet	19	1 775
Tideverv	13	690
Balladen om et paddetryne	62	4 399
Hvem bestemmer?	55	2 709
Lille Eyolf	25	1 415
Deilige Dager	13	632
Meldinger ut i rommet	18	922
Bukkene Bruse på badeland	36	7 092
Snekker Andersen og Julenissen	26	4 601
Jean de France	26	2 276
Sidescene arrangement	96	5 521
<b>SUM EIGENPRODUKSJONAR</b>	<b>389</b>	<b>32 032</b>
<b>Samproduksjonar</b>		
Litt klokere	4	203
Pop Vit	10	1 789
Molde kulturskole	2	210
Veien til Mekka	33	1 343
<b>SUM SAMPRODUKSJONAR</b>	<b>49</b>	<b>3 545</b>
<b>Gjestespel</b>		
Riksteatret	12	2 538
Gjestespill	20	2 435
<b>SUM GJESTESPEL</b>	<b>32</b>	<b>4 973</b>
<b>SUM TOTALT</b>	<b>470</b>	<b>40 550</b>

# NØKKELTAL

## Framsyningar og billettinntekter

Publikum	40 550
Framsyningar	470
Billettinntekter	2 214 972
Tilskott for DKS turnéar	760 000
Gj.snitt inntekt pr. billett inkl DKS	73,37

## Tilskott

Kulturdepartementet	26 594 000
Kulturdepartementet (husleige)	2 412 000
Møre og Romsdal fylkeskommune	5 699 000
Møre og Romsdal fylkeskommune (husleige)	2 104 000
Møre og Romsdal fylkeskommune Kultursekken turné DKS	760 000
Molde kommune	4 942 000
Ålesund kommune	773 977
Kulturdepartementet Elevbesøk i inst.	381 069
<b>Samla tilskott</b>	<b>43 666 046</b>

## STØTTA AV



KULTURDEPARTEMENTET



Møre og Romsdal  
fylkeskommune



MOLDE KOMMUNE



ÅLESUND KOMMUNE

## GENERALSPONSOR



SPAREBANKEN MØRE

## HOVUDSPONSORAR

**TINGH**

 **BRUNVOLL**



 **ISTAD**

Romsdals Budstifte

Sunnmørsposten

## ØKONOMISK RESULTAT

	2014	2013	2012
<u>Inntekter:</u>			
Billettsal	2,2	2,1	1,6
Kafé	3,3	3,6	2,4
Anna	3,0	2,9	2,5
Tilskott	43,5	41,1	35,6
Sum	52,0	49,7	42,1
<u>Kostnader</u>			
Drift	52,6	49,2	40,9
Finansk.	-0,1	-0,1	0,1
Ekstraord.	0,0	0,0	0,0
Sum	52,5		
Resultat	-0,5	0,6	1,3
Eigenkapital pr 31.12			
Sum	4,8	5,3	5,3



## SNEKKER ANDERSEN OG JULENISSEN

av Alf Prøysen

Idé, bearbeidelse, regi og scenografi

**Thomas Bjørnager**

Musikk/komponist **Steinar Raknes**

Animatør **Andreas Paleologos** Lys-

design **Jonas P A Fuglseth**

Med **Lars Sørbo, Gøril Haukebø,**

**Wilhelm Støylen** og dans- vokal- og


teaterelever ved Molde Kulturskole

Première 1. desember 2014 på Teatret  
Vårt, Molde.

Forestillinger:  
Publikum:



# REPERTOAR 2014



## HAMLET

av William Shakespeare  
med utdrag av Heiner Müllers  
*Hamletmaskinen*

Regi **Uwe Cramer**  
Scenografi og kostymer  
**Thomas Bjørnager**  
Lysdesign **Jonas P A  
Fuglseth**

Medvirkende **Valborg  
Frøysnes, Bjørnar Teigen,  
Vibeke Havre Flesland,  
Hilde Marie Farstad,  
Eldar Skar, Lars Melsæter  
Rydjord, Daniel Karlsson  
og Hika Fekede Dugussa**

Première Teatret Vårt  
25. januar 2014.




## BALLADEN OM ET PADDETRYNE

av **Andy Manley, Gill  
Robertson og Rob Evans**

Tekst **Rob Evans**  
Oversatt av **Eva Eklöf  
Mørkeset**  
Instruktør **Eva Eklöf  
Mørkeset**

Skuespiller **Jonas Delerud**

Norgespremière 21.  
september 2013 på Barne-  
teatret Vårt.



## TIDEVERV

av **Vivi Sunde og Eldar  
Skar**

Medvirkende **Vivi Sunde og  
Lars Melsæter Rydjord**  
Musikker **Knut Ivar Bøe**

Urpremière på Veøy omsorgs-  
senter, Åfarnes 14. juni 2013.



## VEIEN TIL MEKKA

av **Athol Fugard**

Regi **Jon Tombre**  
Scenografi **Thomas  
Bjørnager**  
Lysdesign **Finn Landsberg**  
Medvirkende **Kirsten  
Hofseth, Karl Bomann  
Larsen og Helle Haugs-  
gjerd**

Première Teatret Vårt  
7. mars 2014.




## HVEM BESTEMMER?

Idé og research **Toril  
Solvang og Eva Eklöf  
Mørkeset**

Dramatiker og instruktør **Toril  
Solvang**  
Scenograf **Kristine Sandøy**  
Skuespillere **Ellen  
Andreassen, Kristine  
Myhre Tunheim og Jonas  
Delerud**  
Komponist **Benjamin Mørk**

Première på Barneteatret Vårt  
22. mars 2014.



## BLENDAAHVITT LILLA

Utviklet av **Hika Fekede Dugassa, Gøril Haukebø, Vivi Sunde og Valborg Frøysnes**

Regi **Valborg Frøysnes**  
Scenografi **Thomas Bjørnager**

Video og foto **Dirk Richard Heidinger**  
Lys **Jonas Fuglseth**  
Musikk og lyd **Jonas Høgseth**  
Med **Hika Fekede Dugassa, Gøril Haukebø og Vivi Sunde**

Urpremière 24. august 2013 på Teatret Vårt.

Forestillinger: 13  
Publikum: 755

av **Jon Fosse**

Regi **Runar Gudnason**  
Scenograf **Mari Watn**  
Musikk **Runar Gudnason**  
Gitartema **Eldar Skar**  
Lyddesign **Ingvar Kristensen**

Med **Hilde Marie Farstad, Eldar Skar, Bjørnar Lisether Teigen, Daniel Karlsson, Lars Melsæter Rydjord**

Première 28. august 2013 på Teatret Vårt, Molde under Bjørnsonfestivalen.

Forestillinger: 36  
Publikum: 4920

## BALLADEN OM ET PADDETRYNE

av **Andy Manley, Gill Robertson og Rob Evans**

Tekst **Rob Evans**  
Oversatt av **Eva Eklöf Mørkeset**  
Instruktør **Eva Eklöf Mørkeset**

Skuespiller **Jonas Delerud**

Norgespremière 21. september 2013 på Barneteatret Vårt, Arbeideren, Ålesund.

Forestillinger: 19  
Publikum: 934

## PANIKK I KULISSENE

*Noises Off* av **Michael Frayn**  
oversatt av **Svein Sturla Hungnes**

Regi **Christoffer Berdal**  
Scenograf/kostymer **Nina Flagstad**  
Lysdesign **Finn Landsperg**  
Maske **Cáirejánni Enderud**

Medvirkende **Vivi Sunde, Eldar Skar, Matilde Solbakken, Daniel Karlsson, Vibeke Flesland Havre, Viggo Solum, Bjørnar Lisether Teigen, Hilde Marie Farstad, Lars Melsæter Rydjord**

Norgespremière 6. november 2013 i Parken kulturhus, Ålesund.

Forestillinger: 25  
Publikum: 2569

## SNEKKER ANDERSEN OG JULENISSEN

opplesning fra bok av **Alf Prøysen**

Scenograf **Thomas Bjørnager**  
Musikk **Dirk Richard Heidinger**  
Lyd **Ingvar Kristensen**

Forteller **Jonas Delerud**  
Medvirkende fra Molde kulturskole **Johanne Bakke Bæverfjord, Julie Blix Davidsen, Siri Krohn Mauseth, Madalena Neves, Sine Alise Hansen, Liv Anne Nyland, Jenny Nesje, Andrine Løvik Solemdal**

Première 11. desember 2013 på Teatret Vårt, Molde i samarbeid med Istad Aktiv.

Forestillinger: 11  
Publikum: 1594

## SNEKKER ANDERSEN OG JULENISSEN

opplesning fra bok av **Alf Prøysen**

Scenograf **Thomas Bjørnager**  
Musikk **Dirk Richard Heidinger**  
Lyd **Ingvar Kristensen**

Forteller **Jonas Delerud**  
Medvirkende fra Molde kulturskole **Johanne Bakke Bæverfjord, Julie Blix Davidsen, Siri Krohn Mauseth, Madalena Neves, Sine Alise Hansen, Liv Anne Nyland, Jenny Nesje, Andrine Løvik Solemdal**

Première 11. desember 2013 på Teatret Vårt, Molde i samarbeid med Istad Aktiv.

Forestillinger: 11  
Publikum: 1594

# PERSONALE VED TEATRET VÅRT

## Skodespelarar/kunstnarleg tilsette:

Espen Alknes	skodespelar	(19.05. – 11.10.)
Ellen Andreassen	skodespelar	(27.01. – 05.12.)
Nina Andreassen	skodespelar	(frå 01.12.)
John Arne Arnseth	skodespelar	(22.09. – 13.12.)
Hilde M. Bergersen	skodespelar	(til 28.02.)
Karl Bomann-Larsen	skodespelar	(27.01 – 31.05.)
Ina Breivik	skodespelar	(04.08. – 08.11.)
Jonas Delerud	skodespelar	(01.01. – 20.05, 01.10. – 13.12.)
Valborg Frøysnes	skodespelar	(til 15.10.)
Kamilla Grønli Hartvig	skodespelar	(01.02. – 31.05.)
Helle Haugsgjerd	skodespelar	(27.01. – 31.05.)
Gøril Haukebø	skodespelar	
Vibeke Flesland Havre	skodespelar	(til 28.02.)
Kirsten Hofseth	skodespelar	(01.01. – 31.05.)
Daniel Karlsson	skodespelar	(til 31.07.)
Nasrin Khusrawi	skodespelar	(frå 22.09.)
Anne E. Kokkin	skodespelar	(frå 01.12.)
Ørjan Liavåg	skodespelar	(04.08. – 08.11.)
Lars M. Rydjord	skodespelar	
Eldar Skar	skodespelar	(til 28.02.)
Hugo M. Skår	skodespelar	(frå 01.12.)
Viggo Solum	skodespelar	(01.10. – 13.12.)
Lars Sørbo	skodespelar	(frå 17.11.)
Wilhelm Støylen	skodespelar	(04.08. – 20.12.)
Vivi Sunde	skodespelar	
Bjørnar L. Teigen	skodespelar	
Eirik L. Teigen	skodespelar	(24.03. – 31.05.)
Kristine M. Tunheim	skodespelar	(27.01. – 05.12.)
Kristoffer Veiersted	skodespelar	(22.09. – 13.12.)
Olav Waastad	skodespelar	(19.05. – 11.10.)

**Administrasjon:**

Thomas Bjørnager	teatersjef	
Roy Carlsen	produksjonsleiar	
Mathilde Håseth-Eik	billettseljar	(frå 27.08.)
Mary Farstad	adm.konsulent	
Monica Høgset	økonomikonsulent	
Maria Haugen	billettseljar	(til 06.09.)
Anne Marit Henden	billettseljar	
Rolf-Inge P. Hjelseth	informasjonsleiar	
Bente M. Høflandsdal	løn- og rekneskapsleiar	
Knut Lidvard Høgset	direktør	
Evy Johannessen	adm.sekretær	
Marianne Myrbostad	formidlingsleiar	
Eva Eklöf Mørkeset	kunstnerisk leiar	Barneteatret Vårt
Kjersti Solenes	marknadsleiar	
Solveig Mordal Vågen	salsleiar	

**Kafè Kurt:**

Mussie G. Abebe	ekstrahjelp	(til 31.05.)
Rashid M. Bourguaa	kafèmedarbeider	
Freddy Hessvik	restaurant sjef	(fra 13.01.)
Asta Navickiene	ekstrahjelp	(frå 18.09)
Diego C. Nova	kokk m/fagbrev	(frå 04.10.)
Irina Kondenko	ekstrahjelp	(til 14.12.)
Piotr Ruszel	kokk	(frå 01.03.)
Ragnhild Westad	ekstrahjelp	(til 31.07.)

### Teknisk

Georgina Alexander	inspisient	
Gerd G. Austnes	systova	
Torunn Bomann-Larsen	sufflør	(27.01. – 31.05.)
Finn Frode Feght	sufflør/teknikar	(01.04. – 01.10.)
Halvard Fiksdal	produsent	
Jonas P A Fuglset	multiteknikar	
Mathias Hammerø	snikkar/teknikar	
Ine Harrang	sufflør	(01.10. – 20.12.)
Knut Arve Karlberg	teknikar	
Ingvar Kristensen	multiteknikar	
Finn Landsperg	lysmeister	
Svein Larsen	teknisk leiar	
Magnar Mork	teknikar/sjåfør	
Elin Nyheim	inspisient	
Bergliot Rørvik	rekvisitør	
Henrik Solberg	teknikarassistent	
Lisa Kristin Valde	kostymetilverkar	

## STYRET

### Representant frå Møre og Romsdal fylkeskommune:

Bodil Hollingsæter	styreleiar
Leon Aurdal	styremedlem
Kjersti Løge	styremedlem
Frøydis Austigard	varamedlem

### Representant frå Molde kommune:

Per Kåre Trengereid	nestleiar
Hans-Olav Solli	varamedlem

### Representant frå Ålesund kommune:

Knut Anders Oskarson	styremedlem
Solveig Fagermo	varamedlem

### Representant frå Noregs Ungdomslag, Møre og Romsdal:

Janne Kvamme	styremedlem
Reidun Flatøy	varamedlem

### Representant frå dei ansatte:

Bjørnar L. Teigen	styremedlem
Finn Landsperg	1. varamedlem/observatør
Kjersti Solenes	2. varamedlem/observatør

## REPRESENTASJON

### Stiftelsen Bjørnsonfestivalen:

Thomas Bjørnager

### Stiftelsen Ålesund Teaterfestival:

Knut Lidvard Høgset

Eva Ekløf Mørkeset

### Norsk Teaterlederforum:

Thomas Bjørnager

Knut Lidvard Høgset

### Molde Kulturbygg AS:

Thomas Bjørnager

### Representantskapet i stiftelsen Molde International Jazz Festival:

Thomas Bjørnager



TEATRET VÅRT

AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL

Telefon 71 24 02 80 - E-post: [post@teatretvart.no](mailto:post@teatretvart.no) - Internet: [www.teatretvart.no](http://www.teatretvart.no)



*Barneteatret Vårt*